

ÅRSRAPPORT FOR NORDFJORD FOLKEMUSEUM 2013 .

1. ADMINISTRASJON/ØKONOMI

1.1 Eigarstyret og rådet

Det vart halde rådsmøte 3 juni i 2013 på Nordfjord Folkemuseum. Nordfjord Sogelag er framleis eigar av museet medan Musea i Sogn og Fjordane er ansvarleg for drift. 2012 var første året med ny eigarstruktur. Rådet har representantar frå dei sju nordfjordkommunane og Nordfjord Sogelag.

Fylgjande representantar er valde frå 2012 – 2015 til eigarstyret for museet:

Frå rådet: Kari Jordanger, vara Sissel Loen

Gloppen kommune: Hege Lothe, vara Bernt Kr. Holtan

Nordfjord Sogelag: Sverre Folkestad, vara Sigbjørn Hjelle

Det har vore halde eit styremøte i 2013 for å behandle eigarstyret si årsmelding og rekneskap og det vart sendt uttale om tilkomst til museet til Trivselshagen IKS. Kari Jordanger er leiar i styret og har representert museet på styremøte og arrangement.

1.2 Personale

Aslaug Nesje Bjørlo, avdelingsdirektør, 100 % stilling

Lisanne de Blecourt formidlingsleiar 100 % stilling, frå 01.01.-31.07. 50 % permisjon

Ann-Kristin Niiranen, førstesekretær/museumsvert 100% stilling 10 % permisjon

Ingrid Berger, konservator, 100 % stilling, permisjon 01.03.13-01.03.14

Annette Langedal Holme, rådgjevar/konservator, vikar 01.03.13-01.03.14

Nils Åge Kvamme, handverkar/driftsansvarleg, 100 % stilling

Kent Arvid Flølo, handverkar/driftsteknikar 50 % stilling

Steinar Evebø, handverkar/fagarbeidar 50 % stilling

Kathrine Svendsby, formidlar 50 % 01.01.13-31.07.13.

Harald Kvandal, felemakar deltid

Anne Kristin Haraldsvik, reinhaldar 20% stilling og museumsvert i sommarsesongen

Nokre personar var engasjert på deltid, i sommarsesongen, ved arrangement, ved større grupper, ved skuleopplegg, ved arkivrydding og til vasskraftprosjektet.

1.2.1 Løns- og personalplan og Plan for livsfasepolitikk

Avdelingsdirektør deltok i arbeidsgruppa som skal komme med framlegg til revisjon av løns- og personalplan og same gruppa har også starta arbeid med plan for livsfasepolitikk.

1.2.3 Arbeidsmiljø og tryggleik

Musea i Sogn og Fjordane fekk ny HMTplan i 2011. Gjennom året har ein ikkje registrert arbeidsulukker. Ein har gått gjennom risiko på ulike område og dette er både forebyggjande og med å skape haldning til tryggleik. Det vart lagt nytt golv med demping på gjenstandsmottak. 6 av dei tilsette har delteke på førstehjelpskurs. Personalet har hatt ein fagleg/sosial tur over to dagar og andre sosiale arrangement.

1.2.4 Sikringsplan

Arbeidet med sikringsplan har gått vidare og planen vart i grove trekk ferdig. Musea i Sogn og Fjordane har kjøpt ny programvare for sikring og planen skal no leggast inn i dette programmet før godkjenning. Museet har fått tilskot frå Kulturrådet til nytt alarmanlegg og det er bestilt.

1.2.5 Miljøfyrtårn

Museet vart ferdig med gjennomgang av rutinar og kartlegging i 2013 og vart godkjent som Miljøfyrtårn i desember.

1.3 Økonomi/rekneskap

Avtale om tilskot frå nordfjordkommunane vart revidert i 2009 og gjort gjeldande på same nivå som tidlegare for åra 2010-2013. Rekneskapen for drift er eit avdelingsrekneskap i total rekneskap for Musea i Sogn og Fjordane. Nordfjord Folkemuseum hadde i 2013 driftsinntekter på kr.5 510 836.- og

driftskostnader på kr.4 634 603.- Overskotet kr. 764 818.- er tenkt brukt til vedlikehald ved museet. Nordfjord Sogelag eig museet.

1.3.1 Museumsbutikk og kafe

Museet har gjort noko mindre innreiingsarbeid i kafe og utvida vareutvalet i museumsbutikken vidare.

1.4 Utval, møte og kurs

1.4.1 Møte i kommunane

Personalet har hatt kontakt i kommunane m.a. i samband med mottak av gåver, råd og rettleiing. Avdelingsdirektør er med i kulturleiargruppa i Nordfjord. Det var møte i Hornindal om Rolf Haugens samling og avdelingsdirektør var på synfaring til jekta «Anna Karoline» i Bodø i samband med anna møte der.

1.4.2 Representasjon i stiftingar og utval

Museet er medlem og representert i styret i Stiftinga Karnilstunet på Hauge, representert i Liatunet i Stryn, medstiftar av Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, medlem i Norsk Forening for Fartøyvern (avdelingsdirektør er styremedlem frå 2011 - 2013) og Stiftinga for vern og gjenbruk av Gamle Innvik Ullvarefabrikk.

1.4.3 Møte og kurs

Personalet har delteke på ulike kurs, møte, personaltur og studietur i alt 42 dagar. Ein av dei tilsette var på hospitering til Sunnmøre Museum. Seks av dei tilsette på avdelinga var på synfaring/planlegging i Bergen med besøk på mange av musea der. Avdelingsdirektør deltok på studietur saman med kulturleiargruppa i Nordfjord. Elles har tilsette delteke på guidekurs arrangert av Reisemål Stryn og Nordfjord, førstehjelpkurs og kurs i vedlikehald av museumsbygningar.

2. MUSEUMSFAGLEG ARBEID

2.1 Besøk på museet i 2013

7795 (i 2012 6975) barn og vaksne besøkte museet. Tala for besøk kjem fram ved registrering og billettsal, Vi har ikkje lenger overslag over besøkande i friluftsmuseet. Museet har inngangsbillett for vaksne. Barn og unge til og med 18 år går gratis. Museet har kring 1000 skuleelevar i gåavstand til museet. Friluftsområdet er mykje i bruk i skuletida.

2.2 Skriftleg formidling

Museet gir ut Årbok for Nordfjord saman med Nordfjord Sogelag og Sogn og Fjordane Ungdomslag, og Jul i Nordfjord saman med Nordfjord Sogelag. Opplaga er 1300 for årboka og 2500 for juleheftet. Begge vert distribuert frå museet. Alt arbeidet vert elles gjort på dugnad. Konservator har skrive til "Ljøren" og i Jul i Nordfjord. Formidlingsleiaren skreiv i Historielag for Stryn si årbok og eit kvinneportrett på Stemmerettsutstillinga. Årsrapport for museet vert trykt i Årbok for Nordfjord.

2.3 Eldfast bygg

Fellesadministrasjonen for Musea i Sogn og Fjordane er lokalisert på Nordfjord Folkemuseum. Det vart innreia kontor til ny fagsjef for bygg i MISF. Ein av fylkesmusikarane har kontor på museet og fylkesarkivet har tilgjenge til kontorplass etter behov. Klimaanlegget ved museet vart vurdert og det vart laga plan og kostnadskalkyle for arbeidet. Dette vert ein større kostnad på kring 2. mill.

Magasin for foto fekk ny innreiing kosta av fylkesarkivet og museet kosta oppussing av golv og ny armatur i tak. Gjenstandsmottak og kontor til konservator vart ominnreidd.

2.3.1 Utstillingssal og biletgalleri/møterom

6. jan. -16. mai	Me har skote Bjørnen
15. mars – 9.april	Frå kiste og loft
28. mai – 6. okt.	Kjælnø kjevler
9. okt. – 15. sep.	Ruinarbeidaren + Kystgeita
Desember	Julepyntutstilling

Gjennom heile året har det vore oppsett ei lita kraftutstilling i kafeen.

Vandreutstillingar sett opp av museet i ulike lokaliterar i Nordfjord og på museet:
Krafffylket Sogn og Fjordane: Eid, Stryn, Horninda og på museet
Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane: Eid, Hyen, Vågsøy, Stryn og Hornindal og på museet.

Den kulturhistoriske utstillinga i utstillingssalen er ikkje endra.

2.4 Bibliotek, gjenstandssamling og arkiv

Museet abonnerer på eit utval tidsskrift og aviser, og har bytesamband med fleire institusjonar. Arbeidet med å rydde, systematisere og registrere samlinga held fram. Målet er betre sikring, bevaring, oversikt og formidling. 2633 gjenstandar hadde foto på Digitalt museum ved årskiftet. Driftsansvarleg har arbeidd på gjenstandsmottak heile året. Han har fotografert mange gjenstandar og retta opp i registreringar.

I 2013 kom det inn 7 gjenstandar som gåve til museet. Museet har no 23179 gjenstandar. Dei tilsette ved museet svarar på mange faglege spørsmål gjennom året på telefon, epost og ved personleg frammøte. Det er notert kring 150 slike spørsmål dette året. Museet har avtale med Gloppen kommune om oppbevaring av privatarkiv for kommunen. Avtala vart sagt opp og arbeidet med å flytta arkiva vart sett i gang. Konservator rydda også i museet sitt arkivmateriale og restopplag av bøker vart flytta til Sydnesshuset. Målet er å bruke magasinet til gjenstandar.

Konservator og formidlingsleiar rydda i Sydnesskjellaren. Konservator rydda mesteparten av dei eldre bøkene i gjenstandssamlinga som sto i denne kjellaren og fekk dei pakka i øskjer. Det står att noko arbeid som vert fullført i 2014.

Det vart rydda noko i museet sitt saksarkiv, men mykje arbeid står att.

2.5 Friluftsmuseet og uteområdet

2.5.1 Vasskraftprosjektet

Dette er eit bygningsmiljø knytt til vasskraft. I 2013 vart det utført grunnarbeid på tomta der ein vil plassere oppgangssaga og teikninga for saga vart klar. Prosjektet vert i finansiert med tilskot utanfrå. I 2012 fekk ein kr. 100.000 frå NVE.

Miljøet vert brukt i formidlinga. I 2013 til

- Barnehageveke i vasskraftanlegget
- «Frå korn til brød»
- «Energidag for 10. klasse» (DKS samarbeid med Firda, Brødrene AA, Vestavind, SFE)
- Del av vasskraftmodul i Newtonrommet ved Firda vidaregåande skule
- Omvising for grupper som SFE og Fjellregionsamarbeidet

Besøktal formidlingsopplegg: Born: 380 Vaksne: 80. Dessutan var 185 vaksne på omvising.

2.5.2 Holvikejekta

Det vart sett i gang planarbeid i 2011 og eit forprosjekt utarbeidd av Aaland Arkitektkontor vart klart på slutten av året.

2.5.2 Uteområdet og husa på museet

Museet har totalt 55 antikvariske hus og åtte andre bygg. Dette utgjør ein total bygningsmasse på nærare 4000 kvm.

Det vart bygd ny bru over elva inst i Jølet så ein kan komme til med tyngre køyretøy og vegar vart grusa og stelt. Det vart rydda ein del skog. Det vart lagt bølgeblekktak på Haugenlada, reparert vindauge på nokre antikvariske bygg og utført mindre reparasjonar på nokon av dei. Taket på Tystadstabburet vart reparert. Kandalsmatstova og Paviljongen vart måla.

På eldfast bygg vart vegger og vindauge måla.

2.5.3 Arbeid på andre museumsavdelingar

Ein av handverkarane var på Astruptunet i to dagar og styva tre og skar fruktre.

2.6 Felemakarverkstaden

Nærare 400 feler har vore innom felemakarverkstaden for reparasjon sidan verkstaden vart etablert.

2.7 Skuletilbod

Museet har faste opplegg gjennom den lokale kulturelle skulesekken, som «Film i sekken», «Vasskraftmodellar», «Byggeskikk» og «Båt i Gloppen». Museet har også faste opplegg med Firda: «Kjeldegransking», «Bondesamfunnet» og «Spansk på museet». I samband med Matamål og «Landbruksdagen i Breim» utvikla formidlaren eit nytt opplegg kring mjølk og smør, der 350 elevar deltok. Språkåret vart markert med eit opplegg frå Janne Karin Støylen for barnesteget. Formidlaren reiste ut i 7 dagar i samband med kvinnestemmerettsjubileet for å tilby eit opplegg gjennom DKS til alle ungdomsskuleelevane i Nordfjord. Nærmare 950 elevar deltok. I lag med fleire aktørar vidareførte museet «Energidag for 10. trinn», med besøk i vasskraftanlegget. Det var fleire opplegg i vasskraftanlegget; vasskraftmodulen til Newtonrommet, barnehageveke og «Frå korn til brød», totalt 380 born og unge deltok. Det har og vore skulebesøk i utstillingane og «Førjulsopplegg». Det vart sendt ut skulebrosjyre i vårsemesteret og elles separate invitasjonar.

3. ARRANGEMENT, UTLEIGEVERKSEMD OG ANDRE AKTIVITETAR

3.1 Ulike større arrangement gjennom året og besøk av grupper, institusjonar og organisasjonar.

Museet starta året med «Kast ut jula» saman med Bygdekvinnelaget i Gloppen. Gloppen Litteraturfest vart arrangert i februar. Det vart arrangert fleire konsertar gjennom året. Nemnast kan Roseklubben og Bluegrass i Frislidlada. Museet arrangerte «Vinterferieaktivitet» i lag med kinoen og biblioteket og «Påskeaktivitet». Museet deltok med stand på Sandanedagane med «Kva er dette» og publikum fekk prøve kolrosing. Museet deltok på Landbruksdagane i Breim med Mjølk og mjølkestell og publikum fekk lage smør. Det var skuleopplegg med same opplegg i samband med Matamål på Sandane. Under Kulturnatt i Nordfjord viste museet film på veggen på idrettshallen i Trivselshagen.

I samband med Jeremiasfestivalen var det forestilling med Elin Grytting og Hanne Oftedal. Kyrkjeakademiet i Nordfjord hadde to temakvelder på museet.

I samband med fylket sitt 250 års jubileum deltok museet på NHO sin konferanse på Eid ungdomsmessa på Eid med «Kraftfylket Sogn og Fjordane. Utstillinga er laga av SFE og museet. Arrangementet på Breim Landbruksdagane var også eit jubileumsarrangement.

Gjevarane av Frislidlada hadde privat arrangement i lada i august. Det har vore to vigslar i musikkpaviljongen.

Dette året arrangerte museet for første gang «Julemarknad» saman med nokre andre aktørar. Arrangementet fekk rundt 500 besøkande.

Mange institusjonar, skular, verksemder, organisasjonar og lag har halde møte, fått omvising eller delteke på pedagogiske opplegg. Nemnast kan Gloppen Sogelag, Nordfjord Sogelag, Årbok for Nordfjord, Jul i Nordfjord, Sogn og Fjordane Energi, Fjellregionsambandet, Gloppen hardingfelelag, Gloppen bygdekvinnelag, ARV, Gloppen Opplæringsssenter og sjukeheim, skuler og barnehagar i Nordfjord.

4. OPPSUMMERING. RESULTAT I HØVE TIL OPPSETTE MÅL OG FØRESETNADER

Kort innleiing:

Eigar av museet er Nordfjord Sogelag. Museet fekk nye vedtekter tilpassa ny eigarorganisasjon og frå 2012 vart øvste organ eit råd i staden for årsmøtet i sogelaget.

Det pågjekk framleis store byggearbeid rett framom museet i 2013 slik at tilgangen til museet til tider har vore vanskeleg. Museet har teke opp saka fleire gonger med utbygger Trivselshagen AS og kommunen for å få til tenleg tilkomst og parkering. Også dette året har ein del tid gått til å vere med på å bygge ny organisasjon og nye rutinar og avdelingsdirektør har delteke i arbeidsgruppa for ny personal- og lønshandbok og plan for livsfasepolitikk. Museet har hatt tre langtidssjukemeldingar med vel eit halvt årsverk i 2013 utan at ein har sett inn vikar og det har naturleg nok influert på drifta.

FORNYING

Strategiar for aktiv samfunnsrolle

Museet deltok på fleire arrangement. Spesielt i år var NHO-årskonferansen og ungdomsmessa på Eid, og Landbruksdagane i Breim. Museet har organisert samarbeid med Firda vgs, og er med i det lokale utvalet for DKS. Museet samarbeider med SFE og fleire i energibransjen kring utstilling og energidag for 10. klasse. Fleire eldreinstitusjonar har hatt besøk frå museet. Museet har også vore på utreise til skular og sett opp mange utstillingar i kommunane i regionen i samarbeid med lokale aktørar frå kultur og skule.

Museet har også samarbeid med næring. Eksempel er Matamål, Landbruksdagane, Julemarknad og andre.

I desember 2013 fekk museet godkjenning som Miljøfyrtårn.

Deltaking i nasjonale nettverk

Museet er med i Kulturlandskapsnettverket. Museet har eplehage med gamle fruktsortar og er med i Klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurscenter og har nært samarbeid med NVE si Museumsordning. Avdelingsdirektør deltok på Museumsordningen ved NVE sitt jubileum med innlegg.

Status og strategiar for utvikling av organisasjonen

Museet har med å gjennomføre nye rutinar og avdelingsdirektør er med i plangruppe for revisjon av løns- og personalplan og ny plan for livsfasepolitikk.

FORVALTNING

Kort omtale av status og planar for museumsfagleg verksemd

Nordfjord Folkemuseum held fram med sine prioriterte hovudområde Holvikejekta og historie knytt til Vasskraft i tillegg til å rydde opp og registrere i gjenstandsamlinga der det er stort etterslep.

Tematisk ansvar i fylket

Nordfjord Folkemuseum har tematisk ansvar for vasskraft i fylket. Det vart utført grunnarbeid til den planlagde oppgangssaga. Utstillinga «Kraftfylket Sogn og Fjordane» var hovudutstillinga i 2013 og ho var laga i samarbeid med SFE. Museet har partnerskapsavtale med Firda Vidaregåande skule og Realfagssenteret – Newtonrommet saman med fleire andre verksemdar i kommunen. Anlegget har vore brukt aktivt i formidling.

Holvikejekta

Det vart arbeidd med plan for god formidling og bevaring av jekta. Planen vart klar i 2013. Dei fleste tilsette var på omvising og orientering om formidling på Bergen Sjøfartsmuseum hausten 2013.

Innsamling.

Museet arbeider etter innsamlingsplan som skal reviderast. Planen vart ikkje revidert i 2013. Det er nøyte vurdering før inntak og berre teke inn sju gjenstandar i 2013.

Samlingsforvaltning.

Det vart sett inn ekstra personalressurs i om lag halv stilling også i 2013. Det er rydda vidare i samlinga og store deler av dei bøkene i gjenstandssamlinga er gått gjennom, rydda og pakka i kassar. Det er fotografert mange gjenstandar og retta opp i tidlegare registreringar. Det er også rydda opp i gjenstandsfoto. Framleis er det eit stort etterslep på registrering og systematisering av gjenstandssamlinga.

Sikringsplan

Museet arbeidde vidare med sikringsplan. Musea i Sogn og Fjordane har teke i bruk ny programvare til sikring og planen skal tidleg i 2014 inn i dette. Nytt alarmanlegg vart bestilt og vert montert på nyåret 2014.

Utvide magasinkapasitet – vurdere eksisterande areal.

Fylkesarkivet ominnreidde fotomagasinene frå frittstående reolar til rullereolar og museet pussa opp

golv og sytte for ny takarmatur.

Magasinet for skrift, arkiv og bøker vart rydda og avtalen med kommunen om oppbevaring av privatarkiv vart sagt opp og arbeidet med å flytte dette ut pågår. Museet har også flytta ut ein del publikasjonar. Dette vil frigjere plass til gjenstandar.

Status for bygningsmessig vedlikehald

Heggdalsloftet vart vurdert av firma utanfrå for total restaurering. Det vart bygd ny bru over elva inst i Jølet så ein kan komme til med tyngre køyretøy og vegar vart grusa og stelt. Nødvendig for vedlikehald av hus og vidare utbygging av vasskraftmiljøet. Det vart rydda ein del skog. Det vart lagt bølgeblekktak på Haugenlada, reparert vindaug på nokre antikvariske bygg og utført mindre reparasjonar på nokon av dei. Taket på Tystadstabburet vart reparert. Kandalsmatstova og Paviljongen vart måla.

På eldfast bygg vart vegger og vindaug måla. I dette bygget vart det også laga til nytt kontor til fagsjef for bygg og konservator.

FORSKING

Det har ikkje vore forskingsprosjekt ved museet i 2013. Tilsette har publisert fire artiklar i lokale skrift.

FORMIDLING

Musea skal nå publikum med kunnskap og opplevingar

Museet har opningstider som vert kunngjort via aviser, brosjyrer og på heimeside. Museet hadde ekstraope på mange arrangement og for grupper med særskilde ønske. Museet hadde gratis tilgjenge for alle til og med 18 år. Vaksne betalte inngangsbillett

Formidlingsleiaren brukte mykje tid på formidling til born og unge. I 2014 var det 67 dagar med skulebesøk, og det var 2600 born og 300 vaksne som fekk eit pedagogisk tilbod. Dette er noko færre enn i fjor grunna at formidlingsleiar hadde 50 % permisjon fram til 1. aug.

Museet har samarbeid med fleire aktørar: Newtonrommet, Firda, SFE, Gloppen Bygdekvinnelag, Matamål og andre. Det vert brukt mykje ressursar på å nå ut til fleire kommunar i regionen, mellom anna gjennom utreise med skuleopplegg, vandreutstillingar i andre lokalitetar enn våre egne, besøk til eldreinstitusjonar og deltaking på marknader og tilstelningar. I år har vi vore i Stryn, Hornindal, Hyen, Vågsøy, på Eid og i Breim.

Gjennom året var det fleire jubileer som vart markert. I samband med kvinnestemmeretsjubileet produserte MISF utstillinga «Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane», som turnerte mellom anna i Nordfjord, og i tillegg besøkte formidlaren ungdomsskulane med formidlingsopplegg i utstillinga. For å markere Fylkesjubileet produserte museet vandreutstillinga »Kraftfylket Sogn og Fjordane» i lag med SFE. Også denne utstillinga har vore på turne, og i Hornindal fekk eit omsorgssenter besøk av formidlaren med eit opplegg kring krafthistoria NRK Sogn og Fjordane sendte reportasje. Museet deltok også på Landbruksdagane i Breim.

Språkåret vart markert med besøk frå Janne Karin Støylen frå Nynorsksenteret. Ho hadde eit tilbod for barnesteget.

Museet prøvde seg med eit nytt arrangement : Julemarknad. Det vart god stemning og mykje besøk. Kring 500 var innom museet i løpet av nokre timar ein laurdag.

Den kulturelle skulesekken

Museet har hatt samarbeid med DKS på fylkesplan og kommuneplan og har utvikla mange opplegg sjølv. I 2013 var stemmerettssjubileet ein del av DKS-tilbodet.

Digitalt innhald og digital formidling

Kring 2500 gjenstandar er tilgjengelige på Digitalt museum.

Reiselivsaktør

Nordfjord Folkemuseum har i ei årrekke vore med i Reisemål Stryn og Nordfjord og deltok på guidekurs der i 2013.

Grunnlovsjubileet 2014

Museet tenkjer å markere jubileet i samarbeid med andre. Formidlingsleiar tenkjer eit opplegg kring nasjonsbygging og norsk identitet og det blir ei mindre utstilling med utgangspunkt i museet sine samlingar.

Likestilling

Det er åtte fast tilsette. Fem kvinner og tre menn. Eigarstyret har tre medlemmer. To kvinner og ein mann. Vara ein mann og to kvinner.

Immateriell kulturarv

Gjennom året legg museet som ein del av si formidling og innsamling vekt på immateriell kulturarv ved å samle inn kunnskap til artiklar og notatar og legge gamle arbeidsmåtar inn som ein del av formidlinga. I 2013 lærte mange om separering av mjølk og kinning av smør.

Universell utforming

Administrasjonsbygget er tilpassa for funksjonshemma. I friluftsmuseet er det stort sett greitt å ferdast. Vi legg til rette omvisingar for å passe til dei fleste og tek omsyn til nedsett funksjonsevne ved behov.

Kulturelt mangfald

Museet deltok i "Kulturnatt i Nordfjord". Natta skal avspegle kulturelt mangfald i regionen og er planlagt gjennomført på nytt i 2014. Mangfald er også eit stikkord i Strategiplan. Her kan også nemnast pedagogiske tilbod for opplæringscenteret og demensgrupper.

Arbeidplan 2013-vurdering

I 2013 har det ikkje vore søkt prosjektmidlar i noko omfang grunna manglande kapasitet. Det har heller ikkje blitt tid til revisjon av innsamlings- og bevaringsplan. Det var planen å støype tett dekke i dammen framfor museet, men det vart ikkje gjort. Dei andre tiltaka som var tenkt i 2013 er i det vesentlege gjennomført.

Sandane 22. februar 2014 , retta m rekneskapstal
P:/brev/melding/melding2013 10 juniretta